

Dalen nedre

Av Knut Raastad, 2017



Dalen gnr. 72 bnr. 4 som ligg i Nordherad bakanfor Kvarberg i helling mot Finna. Dalen har også gått under namnet Ulvhusdalen. Ei tid var dette to bruk, øvre og nedre Dalen.

I nedre Dalen var i 1910 Hans S. Veien f.1872 og ektefelle Mari P. f.1867 saman med sonen Ivar Veien Dalen f.1900. Familien flytta etter 1920 og budde ei tid i gammelstugu i Felleselykkja før dei i 1929 begynte i Nyheim.

Etter at Hans Veien med familie flytta frå nedre Dalen budde Iver Raastad her fram til ca. 1924 saman med ektefelle Ragnhild Mo og sonen hennar Kristian Mo f.1905.

Så budde Petter Øyen her i 1925- 26 og 27. Ektefelle Mari var frå Synslia.

I 1928 budde Henrik Resvold og Inger Ulsand i nedre Dalen. Dei var seinare i nedre Kleiven og Resvoll.

Anton Helleløkken med ektefelle Marit og sonen Hans flytta til nedre Dalen i 1929 og var der til 1936 da dei fekk skjøte på Storviksøygarden.

Thor Dalen leigde så nedre Dalen til bruket vart kjøpt av faren Amund Dalen saman med øvre Dalen i 1939.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

1881.no

Folketelling 1865, 1875, 1900

Asbjørn Kvarberg: notat av det som vart fortalt av Øistein Kvarberg 1994